

Bebuarar i Sameiget Frekhaug Senter  
Havnevegen 3  
5918 Frekhaug

Byggmester Knut Henanger  
Orrhøyflaten 3  
5918 Frekhaug

Frekhaug 20.03.2015

**Arbeid Gnr 24, bnr 24 i Meland - Bruksendring frå blomsterbutikk  
til solstudio, Sun2 Frekhaug**

Underteikna representerer eigarane av seksjoner i ovennevnte eigedom,  
seksjonane nr 7, 8, 9, 11, 12, 14 og 16.

Vi har framleis ikkje motteke kopi av søknad når det gjeld arbeider som skal gjerast.  
Det er ingen av seksjonseigarane som har fått opplysningar bl.a. om opningstider  
og om senteret skal være betjent.

Sun2 Frekhaug står oppført som eigar av seksjonen. Vi kan ikkje sjå at Sun2 har  
eigarskap i sameiget. Vi ber om å få tilsendt kopi av seksjonsbegjæringa der  
seksjonen er innteikna samt evt. skøyte/kjøpekontrakt på overdraginga.

For å få oversikt over dei arbeider som skal gjerast krev vi også å få tilsendt  
målsett situasjonsplan, snitt- og fasadeteikningar før og etter ombygging.

Dersom solstudioet skal ha utvida opningstider og ha tilkomst via sameiget sitt  
fellesareal er dette avhengig av godkjenning frå sameigestyre/generalforsamlinga  
i Sameiget Frekhaug Senter.

Dei seksjonseigarane eg representerer ynskjer ikkje å bli oppsøkt på bustad vedr.  
denne saka.

Vi ber om å få tilsendt nye nabovarsel og kopi av søknaden om bruksendring, samt  
nødvendig dokumentasjon.

Med helsing  
Bebuarar i Sameiget Frekhaug Senter



Alf-Helge Moldekleiv  
styremedlem

Kopi: Meland kommune v/Bjarte Buanes, Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Vedlegg: Kopi av nabovarsel